

Haustaktivitetar i Hardbagg IL:

Laurdag 16. oktober:	Bading i Stryn symjehall kl. 16.15. Badevakter: Cathrine og Monika.
Søndag 17. Oktober:	Hydlaparken saman med Veten! 😊
Torsdag 21. oktober:	Klatring på Hamna kl. 18.00.
Laurdag 30. oktober:	Bading i Stryn symjehall kl. 16.15. Badevakter: Maria og Trine
Torsdag 4. november:	Klatring på Hamna kl. 18.00
Laurdag 13. november:	Bading i Stryn symjehall kl. 16.15 Badevakter: Monika og Trine
Torsdag 18. november:	Aktivitet i salen på grendahuset kl. 17.30 Ansvarleg: Camilla
19.+ 20. november:	Intruktørkurs barneidrett (sjå meir info på baksida!)
Torsdag 25. november:	Aktivitet i salen på grendahuset kl. 17.30 Ansvarleg: Ilva
Torsdag 2. desember:	Klatring på Hamna kl. 18.00
Torsdag 9. desember:	Nissemarsj!



Faste aktivitetar:

Måndagar kl. 19.00:	Basistrening med Steinar på grendahuset (12-års aldersgrense)
Onsdagar kl. 19.30:	Trening med Hildegunn på grendahuset (oppstart 20. oktober)
Tysdagar og torsdagar kl. 18.00:	Skiskyttertrening med Steinar på Ålandsleitet (8-års aldersgrense)

Hugs idrettslagsbasar 14. november. Tenk så kjekt det kan bli med ekte basarstemning att!



Informasjon:

Fjelltrimmen er ferdig for i år. Dei som har endringar eller feilregistreringar i Georeg som de veit om, så meld dette snarast og **innan 10. oktober** til Vibeke Rand på messenger, melding eller epost: vibekerand@gmail.com. Listene vil bli publisert på www.hardbagg.no og Facebook, og slått opp på informasjonstavla ved skulen så snart dei er klare. Medaljar og diplom vil bli delt ut på idrettslagsbasaren **14. november**. Vi vil også i haust få til bading i symjehallen og klatring på Hamna på Eid. Symjehallen betaler idrettslaget for og vi treng ikkje melde oss på. Alle aldrar er velkomne til å vere med. Barn må sjølvsgt vere i følgje med vaksen. Klatringa på Hamna vil koste 50 kr per person inkludert sko (ordinær pris er 125 + skoleige). Det kan vippsast direkte til idrettslaget. Alle over 12 år kan vere i buldrerrommet, dei under 12 år kan vere i vikingrommet under tilsyn av foreldre/vaksne. Sist hadde vi vikingrommet for oss sjølve, grunna smittevern. Det får vi ikkje denne gong, men det er vanlegvis få ungar der på det tidspunktet. Når det vert skiføre vil vi starte opp skiskule på Ålandsleitet. Skulle snøen vente på seg kan det bli meir aktivitet i salen for dei yngste.

Hydlaparken

Hardbagg feirar gjenopning av idrett og aktivitet for barn og unge og sponsar inngang i Hydlaparken søndag **17. oktober** for **alle medlem under 19 år**. Vi sparkar med dette i gong haustaktivitetar saman med Vetten denne dagen og øvrige medlem frå begge lag får 25% rabatt. Påmelding til Vibeke seinast **fredag 15. oktober**. Sjå www.hydlaparken.no for informasjon, og følg med på fb-sida til Hardbagg. Bli med!

Aktivitetsleiarkurs:

Idrettslaget Vetten har vore i kontakt med oss om å arrangere aktivitetsleiarkurs for barneidrett. Dette vert fredag ettermiddag den 19.11+ laurdag 20.11. ved Nordsida skule. Vi er allereie tre herifrå som er påmeldt, men det er plass til fleire og idrettslaget sponsar kursavgifta. Det kan bli veldig kjekt! Ta kontakt med Vibeke for meir informasjon og/eller påmelding.

Faste aktivitetar:

Vi har fleire faste aktivitetar der det skal vere låg terskel for å vere med. Basistreninga med Steinar er berre å hive seg med å teste ut for dei som ynskjer ein svett måndag. På trimmen med Hildegunn legg du sjølv opp til kva nivå du vil trene på, og der er alltid topp stemning. Dersom ein treng å låne våpen for å vere med på skiskyting, kan ein ta kontakt med Steinar Aaland.

Velkomne til ein aktiv haust!